



**FYLKESMANNEN I ROGALAND  
UTDANNINGSAVDELINGA**

**Tilsyn med Karmøy kommune**

---

**TIDSROM: 17.03.2009**

**ARKIVKODE: 2009/1803**

**ADRESSE: Karmøy kommune Rådhuset 4250 Kopervik**

**FYLKESMANNEN SI TILSYNSGRUPPE: Marta Vignes, Vivild Omdal Bredal og Ståle Ertzgaard**

**KONTAKTPERSON I KOMMUNEN: Aksel Røsand**

---

**Regelverk:**

Lov av 17. juli 1998 nr 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova)

**Tilsynet omhandla følgjande emne:**

Tilsynet skal kontrollere om skoleeigar har eit forsvarleg system for å vurdere og følgje opp at organiseringa av elevane i grupper skjer i samsvar med krava i lova, jf. opplæringslova §§ 13-10 andre ledd og 8-2.

**Fylkesmannen avdekte følgjande avvik under tilsynet:**

**Avvik 1:**

Karmøy kommune har ikkje etablert eit forsvarleg system for vurdering av om krava i opplæringslova om organisering av elevar i grupper blir oppfylte.

---

**Dato: 14.05.2009**

Marta Vignes  
seniorrådgivar/ tilsynsleiar

Vivild Omdal Bredal  
rådgivar

Ståle Ertzgaard  
seniorrådgivar

**Innhald:**

1. Innleiing
2. Dokumentunderlag
3. Kravet til forsvarleg system
4. Fylkesmannen sine observasjonar under tilsynet
5. Pålegg om retting
6. Gjennomføring av tilsynet

**Vedlegg:**

Vedlegg 1: Dokumentunderlag for Fylkesmannen sitt tilsyn

Vedlegg 2: Deltakarar ved Fylkesmannen sitt tilsyn

## 1. Innleiing

Rapporten er utarbeidd etter tilsyn med Karmøy kommune 17.03.2009. Tilsynet er ein del av eit felles nasjonalt tilsyn der fylkesmennene i kvart fylke fører tilsyn med same tema med 4 kommunar og 1 privatskole.

Tilsynet fokuserte på kommunen si oppfyljing av krav innfor gitte emne, og rapporten viser avvik som blei avdekt under tilsynet. Rapporten gir såleis inga fullstendig tilstandsvurdering av kommunen som skoleeigar.

Føremålet med tilsynet var å vurdere om Karmøy kommune har eit forsvarleg system for å vurdere og følgje opp at organiseringa av elevane i grupper skjer i samsvar med lovkrava.

Tilsynet omfatta bl.a. undersøking om:

- aktivitetar blei utførte som dokumentert og uttalt
- kommunen driv verksemda si innfor egne rammer og dei rammer som styresmaktene har sett

Tilsynet blei gjennomført ved gransking av dokument, ved intervju av sentralt plasserte personar i organisasjonen, og ved verifikasjon av at rutinar, prosedyrar og instruksar blir følgde opp i praksis. Rapporten omhandlar avvik som blei avdekt under tilsynet. Avvik er definert som mangel på oppfyljing av krav fastsette i eller i medhald av lov eller forskrift.

Karmøy kommune fekk 30.03.2009 tilsendt "Varsel om enkeltvedtak – pålegg om retting". Kommunen hadde ingen innvendingar til varselet.

## 2. Dokumentunderlag

Dokumentunderlaget for tilsynet var:

- Korrespondanse mellom kommunen og fylkesmannen
- Dokumentasjon, jf. vedlegg 1
- Tidlegare tilsynsrapportar

## 3. Kravet til forsvarleg system knytt til gruppeorganisering, jf. opplæringslova §§ 13-10 andre ledd og 8-2

§ 13-10 Ansvarsomfang (andre ledd)

*"Kommunen/fylkeskommunen og skoleeigaren for privat skole etter § 2-12 skal ha eit forsvarleg system for vurdering av om krava i opplæringslova og forskriftene til lova blir oppfylte. Kommunen/fylkeskommunen og skoleeigaren for privat skole etter § 2-12 skal ha eit forsvarleg system for å følgje opp resultatane frå desse vurderingane og nasjonale kvalitetsvurderingar som departementet gjennomfører med heimel i § 14-1 fjerde ledd."*

- Skoleeigar må sjølv foreta aktive grep for å sikre at regelverket blir oppfylt i eigen organisasjon.
- Systemet skal kunne dokumenterast skriftleg

- Skoleeigar må kunne beskrive systemet og kunne dokumentere at systemet er tilstrekkeleg kjent i relevante deler av verksemda (hos dei som har ein funksjon i systemet)
- Skoleeigar skal sikre at systemet er kontinuerleg, konsistent og robust mot endringar i organisasjonen
- Systemet skal vise kva rutinar for kartlegging, vurdering, korrigering, kommunikasjon og samhandling som skal realisere føremålet med systemet
- Systemet skal vere eigna til å sikre at adekvate tiltak blir sett i verk når det vert avdekkja brot på regelverket
- Skoleeigar skal sørge for at brukarane av regelverket har kjennskap til systemet
- Skoleeigar skal ha rapporteringsrutinar som sikrar kartlegging av om tiltaka som vert sette i verk, verkar etter føremålet
- Systemet må vere gjennomført i organisasjonen – det er korleis systemet fungerer i praksis som er avgjerande med omsyn til om det oppfyller lovkrava

#### § 8-2 Organisering av elevane i grupper

*”Elevane kan delast i grupper etter behov. Gruppene må ikkje vere større enn det som er pedagogisk og tryggleiksmessig forsvarleg. Organiseringa skal ivareta elevane sitt behov for sosialt tilhør. Til vanleg skal organiseringa ikkje skje etter fagleg nivå, kjønn eller etnisk tilhør.*

*Kvar elev skal vere knytt til ein lærar (kontaktlærar) som har særleg ansvar for dei praktiske, administrative og sosialpedagogiske gjeremåla som gjeld eleven, mellom anna kontakten med heimen.”*

Skoleeigar skal:

- Synleggjere at omgrepa pedagogisk og tryggleiksmessig forsvarleg er drøfta på kommune- og skolenivå og at det er lagt til rette for ei felles forståing av omgrepa
- Sikre at skolen har naudsynt kompetanse for å vurdere om lovkravet i § 8-2 blir ivaretatt, og at det er prosedyrar/rutinar for korleis dette blir kommunisert i skolen og til kommunenivå
- Sikre at skolane legg til rette for at organiseringa tek i vare elevane sitt behov for sosialt tilhør
- Sikre at organiseringa til vanleg ikkje skjer etter fagleg nivå, kjønn eller etnisk tilhør
- Sikre at det ved ”drastiske” organisatoriske tiltak (t.d. at elevar heilt eller delvis blir tatt ut av den ordinære gruppestrukturen) blir gjort ei konkret individuell vurdering av elevane sitt opplæringsbehov
- Sikre at skolane jamleg vurderer gruppeinndelinga med utgangspunkt i elevane sitt læringsutbytte
- Sikre at skolane har prosedyrar og rutinar for å ta i vare endringar i behov i elevgruppene
- Sikre at kontaktlærarordninga er føremålstenleg og at lærarane er kjende med kva oppgåver og ansvar som ligg til denne rolla

#### **4. Avviket byggjer på følgjande observasjonar:**

- Kommunen har ikkje skriftleggjorde rutinar på tilsynsområdet, og dei tiltaka som blir vurderte og gjennomførte, er derfor personavhengige og byggjer på personleg kjennskap til organisasjonen

- I samband med ressursfordelinga til skolane blir det innhenta lesepliktlistar i framkant av tildelinga. Kommunen viser til at gjennomgangen av desse lesepliktlistene gir oversyn over gruppeinndelinga ved skolane. Opplysningane blir mellom anna nytta for å sjå til at skolane ikkje brukar fridomen til å organisere gruppene ved eigen skole som eit sparetiltak. I intervju kom det likevel fram at det nedover i organisasjonen ikkje er kjennskap til at kommunen har eit system for å ivareta krava om å dele elevane inn i grupper. Omgrepa og formuleringane i § 8-2 har heller ikkje blitt særskilt drøfta utover at dei var tema på samlingar då lovendinga kom i 2004.
- Ved overgang mellom barnehage/barnesteg og barnesteg/ungdomssteg blir inndelinga av elevar i grupper drøfta på skolane. Intervju viste at endring av klassestruktur og flytting av elevar blir nytta ved behov. Det blir ikkje etterspurt frå kommunalt nivå kva for vurderingar som blir lagde til grunn for samansetjing av elevane i grupper.
- Det er ikkje dokumentert at kommunen har hatt rutinar for kommunikasjon og samhandling knytte til kartlegging og vurdering av om skolane følgjer opp krava i § 8-2. I samband med tilsynet har kommunen sendt ut spørjeskjema til alle skolane der dei blir bedne om å gjere greie for korleis lovkrava i § 8-2 blir følgde opp. Spørjeskjemaet er ikkje per dato behandla på kommunenivå. Det er ikkje opplyst frå kommunen korleis dei vil følgje opp det som er kome fram.
- Kommunen har eit politisk vedtak om bruk av alternative opplæringsarenaer. Det går fram av dette at slik opplæring berre skal givast i særskilte tilfelle. I fleire av elevsakene er det gjort vedtak om opplæring utanom ordinær skole utan at det er tilrådd frå sakkunnig instans. Det er heller ikkje vist i andre dokument at det er gjort ei vurdering i sakene.

#### **5. Vedtak om retting av avvik:**

Karmøy kommune blir pålagt å utarbeide eit forsvarleg system som sikrar at krava til organisering av elevar i grupper blir oppfylt, jf. opplæringslova §§ 13-10 andre ledd og 8-2.

**Fylkesmannen ber kommunen sende ei erklæring om korleis avviket er lukka. Frist for innsending av erklæringa er sett til 01.09.2009.**

Dette er eit enkeltvedtak som kan påklagast etter forvaltningslova § 28. Fristen for å klage er etter forvaltningslova § 29 tre veker frå det tidspunkt underretning om vedtaket er kome fram. Utdanningsdirektoratet er klageinstans, men klagen skal sendast Fylkesmannen i Rogaland. Ved ein eventuell klage kan kommunen be om at gjennomføringa av vedtaket blir utsett i påvente av ei avgjerd, jf. forvaltningslova § 42 første ledd.

#### **6. Gjennomføring**

Tilsynet omfatta følgjande aktivitetar:

Varsel blei sendt 11.02.2009

Formøte 10.03.2009

Intervju 17.03.2009

Sluttmøte 23.03.2009

Varsel om enkeltvedtak – pålegg om retting 30.03.2009

Tilbakemelding frå kommunen 21.04.2009

I vedlegg 2 er det gitt eit oversyn over deltakarane på tilsynet.

### Dokumentunderlag for fylkesmannen sitt tilsyn

Materiale tilsendt frå Karmøy kommune:

1. Organisasjon
  - a. Nokre nøkkeltal
  - b. Delegasjonsreglement
    - i. Delegasjonsreglement for skole-, kultur og barnehagesektoren
2. Ressurstildeling
  - a. Elevar og klassedeling
  - b. Kommentar til ressurskjema
3. Organisering av elevane i klassar/grupper § 8-2 – oversikt over skolane i Karmøy
4. Rammeverk for vurdering og oppfølging
5. Utdrag av lesepliktlistene med oversikt over kontaktlærarar, antal elevar pr. kontaktlærar og funksjonsstillingar
  - a. Lesepliktliste- forklaring
6. Spesialundervisning – retningslinjer og prosedyrer
7. Elevar med særlege vanskar – tiltak
8. Elevvurdering – elevar med spesielle opplæringsbehov
9. Ekstern skolevurdering Kopervik skole
10. Ekstern vurdering Åkra ungdomsskole
11. Oversikt og referat frå leiarsamlingar, driftsmøter og sonesamlingar
12. Rundskriv 03/09 Vedr. nasjonale prøvar og andre obligatoriske prøvar/testar i høve til landsnormeringar
13. Notat til orientering – nasjonale prøvar 2007, 5. og 8. klasse
14. Nasjonale prøvar 2008
15. Rutiner for utarbeidelse av individuell plan
16. Oversikt over lederopplæring for nytilsette ledere

Materiale tilsendt frå Kopervik skole:

17. Aktuelle planer og informasjon om Kopervik skole
  - a. Organisasjonskart
  - b. Årshjul
  - c. Eksempel fra Sosial utviklingsplan
  - d. Kopervik skole, A-Å
  - e. Zero handlingsplan og skolens trivselsregler
18. Spesialundervisning
  - a. Retningslinjer spes. Undervisning. Karmøy kommune
  - b. Årsplan, spesialundervisning, Kopervik skole
  - c. Enkeltvedtak, 6. trinn
19. Rutiner ved overgang barnehage – skole
  - a. Plan for overgang barnehage – skole
  - b. Invitasjon til besøksdag for høstens 1. klassinger/foreldremøte, juni
  - c. Invitasjon til foreldremøte, august
20. Grunnlagsmateriell og prosess vedr. ressursfordeling ved Kopervik skole
  - a. Fag- timefordelingstabell, Karmøy
  - b. Ressursoversikt fra skolekontoret
  - c. Oversikt over elevtall pr. trinn

- d. Prosedyre ved timeplanlegging/ressursfordeling ved Kopervik skole
  - e. Ressursfordeling 6. trinn, august -08
  - f. Ressursfordeling, 6.trinn, uke 5 og 6
21. Interne rutiner, Kopervik skole
- a. Oversikt over faste møter, Kopervik skole
  - b. Trinnmøter, skoleåret 08/09
  - c. Aktivitetsoversikt (nov.-des., jan.-feb.)
  - d. Huskelapp, uke 5 og 6
22. Prøveresultater og elevundersøkelse 6. trinn
- a. Nasjonale prøver, resultater 5. trinn 07/08
  - b. Kartleggingsprøver, 6.trinn
  - c. Elevundersøkelse, 6. trinn og skoleresultat
23. Dokumenter fra 6. trinn
- a. Bemanning, lærere og miljøarbeidere, uke 5 og 6
  - b. Ukeplaner, uke 5 og 6
    - i. Hovedplan
    - ii. Eksempler på tilpassede planer
  - c. Arbeidsplan, uke 5 og 6
    - i. Hovedplan
    - ii. Eksempler på individuelle planer
  - d. Foreldremøte
  - e. Årsplaner/halvårsplaner
    - i. Hovedplan
    - ii. Eksempler på individuelle planer

Materiale tilsendt frå Åkra ungdomsskole:

- 24. Rutinar for arbeidet med inndeling av elevane i grupper
  - a. Overgangen barneskolen - ungdomsskolen
  - b. Søknad om tilleggsressursar
  - c. Val av nytt framandspråk/språkleg fordjuping
  - d. Informasjon om ungdomsskolen for foreldra
  - e. Setja saman nye 8. klassar
  - f. Bli kjent med ny skole, nye vaksne og nye ungdomar
- 25. Skoleåret 2008-2009 – Plandokument
- 26. Disponering av rammetimetale skoleåret 2008-09
  - a. Møte med rektor/tillitsvalde 09.06.09– sakliste og møtebok
  - b. Møte i SU 11.06.09 Sakliste og referat
- 27. Vekeplan/ressursfordelingstabell (inkl.spesialundervisning) for veke 5 og 6
- 28. Timeplan for elevane
  - a. Timeplanar/klasseplanar for alle klassane (10. trinn m/fag og lærardekning
  - b. Miljøarbeidartimar, (elevassistent)
- 29. Fag- og timefordeling gjeldande for veke 5 og 6
  - a. Timefordeling Åkra ungdomsskole 2008.09
- 30. Enkeltvedtak om spesialundervisning
  - a. Generelt skriv knytt til grunngjeving for behov for ekstra lønntimar
  - b. Ramme for organisering før tildeling av ekstra lønntimar
  - c. Vedtak og sakkunnig vurdering for 8 elevar
  - d. Ein søknad m/vedtak: Yrkespraksis/alternativt opplæringstilbod
  - e. 2 meldingar om fritak for vurdering med karakter

31. Dokumentasjon frå undersøkingar/kartlegging om elevtrivsel og læringsutbytte
  - a. Karakterstatistikk 10.trinn 1. termin
  - b. Elevundersøkelsen 2007-2008
  - c. Nasjonale prøvar 8. trinn
32. Annan dokumentasjon som skolen meiner er relevant for tilsynet
  - a. Mal for elevsamtalar (1., 2. og 3. samtale)
  - b. Skjema for elevsamtale
  - c. Elevsamtale - rapport
33. Meldingsbrev til personalet om bl.a spesialundervisning
34. Sakliste personalmøte
35. Ulike evalueringar på skolenivå
36. Notat ang. funksjonsbeskrivelse for kontaktlærer



## VEDLEGG 2

### Oversikt over personar som var direkte involvert i tilsynet.

---

I tabellen under er det gitt ei oversikt over deltakarane frå kommunen under formøte og sluttmøte, og over kva for personar som blei intervjuet.

Namn	Funksjon	Formøte	<u>Intervju</u>	<u>Sluttmøte</u>
Arnt Møgstad	Rådmann	x		x
Ørjan Røed	Skole- og kultursjef	x	x	x
Aksel Røsand	Avdelingssjef skole	x	x	x
Magnor Jordåen	Rektor Kopervik skole		x	x
Venke Vorraa	Kontaktlærer Kopervik skole	x	x	x
Gyda Auestad	Inspektør Kopervik skole	x		x
Oddmund Paulsen	Rektor Åkra ungdomsskole	x	x	x
Mangor Lund	Kontaktlærer Åkra ungdomsskole	x	x	

Frå Fylkesmannen deltok Vivild Omdal Bredal, Ståle Ertzgaard og Marta Vignes med sistnemnde som tilsynsleiar.